

I følge liste Mottakere ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref
25/1051-

Dato
5. september 2025

Endra AS - klage på vedtak om konsesjon til Nesse solkraftverk i Sveio kommune

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gav i vedtak 10. februar 2025 Endra AS (Endra) anleggskonsesjon til Nesse solkraftverk i Sveio kommune. Vedtaket blei påklaga av Naturvernforbundet Haugaland. Klagaren blir rekna for å ha rettsleg klageinteresse.

NVE kunne ikkje sjå at klagen gav grunnlag for å endre eller oppheve vedtaket, og sende over klagen til endeleg behandling i Energidepartementet (ED) 3. mars 2025.

Departementet skal i klagesaksbehandlinga vurdere dei merknadane som er setje fram i klagen og kan prøve alle sider av saka, jf. forvaltningslova § 34 andre ledd.

NVE sitt vedtak

NVE har gitt konsesjon til å bygge, eige og drive Nesse solkraftverk med inngjerding, tilknytning til nett, transformatorstasjonar, jordkablar, internvegar og rigg- og lagerområde jf. energilova § 3-1. Nesse solkraftverk er planlagt med ein installert effekt på inntil 11,2 MWp og ein forventa årleg produksjon på 10,2 KWh. Planområdet utgjer om lag 146 dekar fordelt på to delområde på høvesvis 67 og 79 dekar. Nesse solkraftverk er blant dei første bakkemonterte solkraftverka NVE har behandla. Det er òg eit av dei første solkraftverka som er planlagt i kombinasjon med beite for småfe. NVE har lagt til grunn at Nesse solkraftverk vil gje nytteverdi ved å auke kunnskapen og erfaringa om bygging og drift av solkraftverk i Noreg. Etter NVE si vurdering kan Nesse solkraftverk vere eit marginalt lønnsamt prosjekt. NVE har òg lagt vekt på at læringseffektar ved å teke i bruk ny teknologi er ei positiv nytteverdi. Sveio kommune er positive til tiltaket.

Den viktigaste negative verknaden av tiltaket er vurdert til å gjelde naturmangfald. NVE vurderer denne verknaden til å vere *liten negativ* da tiltaket vil leggje beslag på og endre eit

område med i hovudsak vanleg førekommande arter. På bakgrunn av høyringsfråsegner har Endra mellom anna gjort greie for bruken av ei monteringsløyising med ballast for å minimere behovet for masseforflytting og følgeleg auke tilbakeføringsgraden etter at konsesjonsperioden er over. For å redusere dei negative verknadane har NVE stilt ei rekkje krav til bygging og drift av solkraftverket. Mellom anna skal det ikkje skje inngrep i myr, vegetasjonssoner til bekkar og vassdrag skal bestå og ein detaljplan skal beskrive korleis anleggsperioden skal ta omsyn til hekketid for fugl.

Klage frå Naturvernforbundet Haugaland

Klagaren er ueinig i fleire av NVE sine vurderingar. Klagegrunnene er i det følgjande behandla tematisk.

Natur og kulturlandskap

Klagaren meiner omsynet til natur og kulturlandskap ikkje er ivareteken. Dei skriv at det planlagde solkraftverket vil føre til at kystregnskogen i planområdet forsvinn.

Endra skriv at påverknader på naturmangfald er tilstrekkeleg vurdert i konsekvensutgreiinga som er ein del av konsesjonssøknaden.

Energidepartementet sin vurdering

Som ein del av konsesjonsprosessen har konsulentselskapet COWI utarbeida ei konsekvensutgreiing av planområdet. Utgreiinga er utført etter miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 og inneheld mellom anna fagkyndige vurderingar av naturmangfald. I følgje vurderinga består planområdet delvis av open beitemark og delvis av skogkledt beitemark. Skogen er i hovudsak skrin furuskog med litt undervegetasjon av einer og gras, og deler av skogen er hogd ned for å gjere plass til beite. Solkraftverket er ikkje planlagt i områder kor det er registrert førekomstar av viktige naturtypar, ei heller kystregnskog.

ED kan ikkje sjå at tiltaket vil påverke kystregnskogen eller anna verdifull natur i området i vesentleg grad. Departementet viser til NVE si vurdering om at tiltaket vil gi enkelte verknader for naturmangfald, og at det er satt fleire vilkår i konsesjonen for å ivareta naturen på best mogeleg måte, mellom anna vilkår om at det ikkje skal gjerast inngrep i myr og at det blir oppretthaldt ei vegetasjonssone mot bekkar og vassdrag. Departementet er einig med NVE i at omsynet til naturmangfald ikkje er til hinder for å gi konsesjon.

Klima

Klagaren skriv at det arealet solkraftverket er planlagt på ikkje lenger vil fungere som eit karbonlager.

Endra skriv at konsekvensutgreiinga som blei utarbeida som ein del av konsesjonssøknaden, vurderer påverknadane for klima i tilstrekkeleg grad.

Energidepartementet sin vurdering

Departementet merker seg at skogen som står i området i dag må bli fjerna før tiltaket blir setje i verk. Tiltaket krev at det blir hogd 80 dekar skog. Denne skogen vil ikkje fungere som karbonlager i konsesjonsperioden i same grad som ved nullalternativet, kor skogen består.

Det kjem fram av konsekvensutgreiinga at det sannsynlegvis vil vokse til med urter, gras og mindre busker på deler av skogarealene og at det blir anteke at berre delar av karbonet som er lagra i jordsmonnet blir tapt i konsesjonsperioden.

Berekningar av klimagassutslepp knytt til produksjon, drift og vedlikehald av solkraftverket i konsesjonsperioden viser at solkraftverket kan vere eit positivt klimatiltak dersom ein samanliknar med europeisk kraftmiks. Tiltaket har derimot noko negativ konsekvens for klima dersom ein samanliknar med norsk kraftmiks. Det er knytt stor usikkerheit til klimarekneskap både på pluss og minussida av berekningane. Kor straumen blir utnytta er òg vanskeleg å forutsette da Noreg er ein del av det europeiske nettet. Nøyaktig reduksjon i klimagassutslepp er difor vanskeleg å fastslå.

Departementet slutar seg til NVE si vurdering om at Nesse solkraftverk under visse forutsetningar er eit positivt klimatiltak, og understrekar òg den positive verknaden av at tiltaket vil bidra til auka straumproduksjon frå fornybare energikjelder i både det norske og det europeiske straumnettet.

Landbruk

Klagaren meiner at tiltaket vil føre med seg negative konsekvensar for landbruket på grunn av skuggeeffektar frå solcellemodulane, som kan føre til redusert vekst og bereevne. Dette blir grunngitt av klagar ved at skugge frå solcellemodulane fører til ein redusert biologisk vekst i planområdet og at gras som har lav kvalitet og er urtefattig blir valt bort av beitedyr. Som ein konsekvens av dette meiner klagar at årsbestanden av sau vil bli lågare enn ved fritt beite utan solcellemodular. Ein redusert bereevne er etter deira vurdering ikkje berekraftig, og klagar gjer uttrykk for at etablering av solkraft på grå areal er meir fordelaktig.

Endra skriv at solkraftproduksjon i kombinasjon med landbruksdrift er lite utbreidd i Noreg i dag, og at det så langt berre finst eit avgrensa kunnskapsgrunnlag for slike prosjekt. Dei skriv vidare at Nesse Solkraftverk kan bidra til å auke kunnskapsnivået, og understrekar at tiltaket ikkje vil påverke dyrka mark. Dei trekker òg fram korleis det å kombinere tiltaksarealet til fleire formål bidreg til effektiv arealbruk og at beite i kombinasjon med solkraft gjer ei auka fast inntekt til landbrukseigedomen.

Energidepartementet sin vurdering

Solkraftverk i kombinasjon med innmarksbeite er nytt i norsk samanheng. Departementet meiner at Nesse Solkraftverk vil bidra positivt til kunnskapsgrunnlaget for slike prosjekt. Tiltaket råkar korkje arealtype fulldyrka jord eller overflatedyrka jord. Eit innmarksbeite er eit lite opparbeida jordbruksareal og har lågare dyrkingsgrad enn fulldyrka jord og overflatedyrka jord. Det er vidare arealets tilstand og ikkje korleis det brukast, som leggst til grunn for klassifiseringa av arealtypar. Det betyr at innmarksbeitet i planområdet ikkje er egna for maskinell drift.

Landbruksdirektoratet sin rapport om bakkemonterte solkraftanlegg angir at alle bakkemonterte solkraftanlegg på jordbruksareal vil gi ein skuggeeffekt som vil påverke mikroklimaet og lysforholda under og ved installasjonane. Departementet stiller seg bak NVE sitt vilkår om at tiltakshavar må beskrive i ein detaljplan korleis dei skal utforme solkraftverket med moglegheit for sambruk med beitedyr i anlegget.

Når det gjeld merknaden om redusert årsbestand av sau, viser departementet til at noverande drift av planarealet er beite med storfe. Grunneigar planleggjar å flytte denne drifta til eit anna område og heller drive innmarksbeite med småfe i kombinasjon med solkraftverket. Slik ED ser det vil årsbestanden av sau ikkje bli påverka negativt av solkraftverket da det ikkje var sau i planområdet i utgangspunktet. ED viser òg til fråsegner frå grunneigar om at dei har overført storfebeitet til neste generasjon og at dei er positive til solkraftverket. På bakgrunn av dette er departementet einig i NVE si vurdering som seier at tiltaket ikkje vil føre til vesentlege ulemper for landbruk.

Konklusjon

Departementet kan ikkje sjå at det i klaga framkjem noko som gjer grunnlag for å gjere om vedtaket. Klaga blir difor ikkje tatt til følge. Energidepartementet opprettheld NVE sitt vedtak 10. februar 2025 om å gi anleggskonsesjon for Nesse Solkraftverk i Sveio kommune.

Departementet sitt vedtak er endeleg. Det er ikkje klagerett på klageinstansen sitt vedtak, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd første punktum.

Med helsing

Tollef Taksdal (e.f.)
avdelingsdirektør

Astrid Seland
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar

Kopi:
NVE
Sveio kommune

Mottakarar:
Endra AS
Naturvernforbundet Haugaland